

Hilsen fra lederen

Det har vært et begivenhetsrikt år. Som ny leder ble det første styremøtet avholdt i Paris. Jeg ble kastet ut i innspurten av den flotte budstikke stafetten. Alle hadde store forhåpninger til årets jordbruksavtale, da velviljen blant de fleste politikerne var stor. Det ble avtale, men ikke så god som vi hadde håpet. Så er spørsmålet om vi er villige til å ta et brudd og konsekvensen av det både økonomisk og med en innsats utenom det vanlige med aksjoner i alle ledd av organisasjonen vår.



Mat og landbruksmeldinga kom omsider før jul, og skal behandles i Stortinget i april. Vil vi se noen forbedringer i tilbudet fra staten ved årets jordbruksforhandlinger?

Matkjedeutvalget har kommet med uttalelse. Så får vi se om det fører til noen forandringer. Jeg må også nevne AgroHordaland som en veldig viktig møtearena for landbruket i Hordaland. Vi har også hatt et godt ledermøte og regionmøter der jeg opplever dere tillitsvalgte som aktive og engasjerte. Det lover bra for framtidig innsats!

Landbruk er en kompetansekrevende næring, og for å sette fokus på dette, etablerte vi foretaket Landbrukstunet Kompetanse (LTK). Jeg har tro på at kompetanse og kunnskap både hever statusen til bonden og øker inntekten. Det er viktig at dere benytter tilbudet, slik at LTK kan fortsette å medvirke til aktivitet og møteplasser blandt bøndene.

Det må nevnes at 2011 ble et dårlig år værmessig med mindre avlinger og dårligere kvalitet. Vanskelige innhøstningsforhold ga også skader på jordene, noe vi trolig må slite med flere år framover. Været betyr mye for inntektene i år, og det kan vi gjøre lite med.

Det blir og er gjort en jobb opp mot politikerne, også rundt kommune- og fylkestingvalget. Landbruket er en politisk næring så her må vi holde trykket oppe. Fylkeskommunen og kommunene får stadig nye oppgaver og midler der alle må påse at oppgavene blir gjort og midlene blir brukt riktig.

Det var kjekt å få være med på utdelingen av kulturlandskapsprisen som gikk til Røyrvik samdrift i Kvam og BU prisen som gikk til Haaheim gaard på Tysnes. Og ikke minst at Haaheim Gaard gikk til topps nasjonalt.

2012 er internasjonalt samvirkeår. Det skal vi markere og vi skal jobbe for meieriet vårt. Et sterkt samvirke er en forutsetning for vårt utkomme nå og i framtida men det blir ikke bedre enn det vi bønder sjøl gjør det til!

Så vil jeg til slutt takk for innsatsen i året som gikk til dere alle og ikke minst til fylkeskontoret vårt som er der for oss. Det har vært kjekt å være leder i Hordaland Bondelag dette året.

Hilsen Clara Hveem, fylkesleder

Styret i Hordaland Bondelag 2011

Verv	Namn og adresse	Tlf/ mobil/e-post
Leiar:	Clara A. Hveem, Generalsvingen, 5454 Sæbøvik	951 54 599 clara@hveem.no
Nestleiar:	Turid Bjørndal Njåstad, Låstad, 5282 Lonevåg	56 39 24 59 / 917 65 853 turidbn@gmail.com
Styremedlem:	Lillian Hovstad, Hovstad, 5419 Fitjar	53 49 91 46 / 47260429 lillianhovstad@hotmail.com
Styremedlem:	Arild Nydegger Øvre-Eide, Øvre-Eide 36, 5105 Eidsvåg i Åsane	90 84 34 12 ovre-eid@online.no
Styremedlem:	Sjur Tarjei Fykse, Klyvevegen 83, 5612 Steinstø	56 55 14 26 / 976 65 655 sjur.t.fykse@kvamnet.no
Frå HBU:	Ingrid Tennebekk Bjørke, Bjørkev. 121, 5700 Voss	90 04 63 19 hestatause@hotmail.com
Frå HBK:	Liv Spilde, Bjørgav. 110, 5700 Voss	56 51 79 45 / 975 33 364 livspi@online.no
1. vara:	Terje Larssen, Sekse 5773 Hovland	53 66 19 01 / 994 81 135 t-larss3@online.no
2. vara:	Rannveig Hjelmeland, Landavegen 2425464 Dimmelsvik	53 48 01 38 / 911 88 232 rahjelm@gmail.com
3. vara:	Roar Angelskår, 5915 Hjelmås	56 35 36 35 / 952 05 228 roar1972@live.com

Administrasjonen:

Post- og besøksadresse :		Fanav. 245, 5244 Fana
Telefon og fax:		55 91 88 80 / 55 91 88 89
Elektronisk post:		hordaland@bondelaget.no
Internett:		www.bondelaget.no/hordaland www.landbrukstunet.no
Organisasjonssjef:	Lars Peter Taule	55 91 88 81/ 90 85 85 55 lars.peter.taule@bondelaget.no
Rådgevar:	Geir Totland	55 91 88 83/ 99 64 26 00 geir.totland@bondelaget.no
Førstekonsulent:	Maria Makloufi Skjold	55 91 88 80/ 93 49 30 78 maria.skjold@bondelaget.no
Dagleg leiar i Landbrukstunet Kompetanse:	Tore Henrik Øye	55 91 88 85/ 91 12 73 37 tore.henrik.oye@bondelaget.no

1. april var Geir Totland tilbake i Hordaland Bondelag etter engasjement som IT medarbeidar i Norges Bondelag. Frå 1. september vart Tore Henrik Øye tilsatt som dagleg leiar i Landbrukstunet Kompetanse.



Styret i Hordaland Bondelag på studietur til Frankrike.

Bak frå venstre: Ingrid Tennebekk Bjørke, Turid Bjørndal Njåstad, Lillian Hovstad og Terje Larssen. Framme frå venstre Arild Nydegger Øvre-Eide, Clara Hveem, Sjur Tarjei Fykse og Liv Spilde. Rannveig Hjelmeland og Roar Angelskår var ikkje tilstades.



Administrasjonen: Organisasjonssjef Lars Peter Taule, førstekonsulent Maria Makloufi Skjold, rådgjevar Geir Totland og Tore Henrik Øye.

UTVAL OG REPRESENTASJON 2011-2012

Utval i Hordaland Bondelag

Arbeidsutval:	Leiar, nestleiar og organisasjonssjef
RULL (Rekruttering, utdanning, likestilling)	Lillian Hovstad, Ingrid T. Bjørke og Rannveig Hjelmeland
Den grønne skulen og Inn på tunet:	Arild Nydegger Øvre-Eide, Reidar Konglevoll og fylkeskontoret
Utmark, fisk og vilt:	Sjur Tarjei Fykse, Roar Angelskår
Verveutval:	Turid Njåstad, Lillian Hovstad og fylkeskontoret

Hordaland Bondelag sin representant i: (oppnemnd av andre)

Styret i Norges Bondelag:	Nils T. Bjørke
Grøntutvalet i Norges Bondelag:	Terje Larssen
Inn på Tunet-utvalet i Norges Bondelag	Reidar Konglevoll

Hordaland Bondelag sine utsendingar til:

Årsmøte i Hordaland Bygdekvinnelag:	Terje Larssen, Arild Nydegger Øvre-Eide, lokallagsmedlem
Årsmøte i Hordaland Bygdeungdomslag:	Sjur Tarjei Fykse, Arild N. Øvre-Eide
Årsmøte i 4H Hordaland:	Lillian Hovstad, Maria M. Skjold

Hordaland Bondelag sin representant i: (oppnemnd av styret i Hordaland Bondelag)

Styret i HBK:	Turid B. Njåstad. Vara: Lillian Hovstad.
Styret i HBU:	Liv Spilde. Vara: Lillian Hovstad
Samarbeidsrådet for landbruk:	Clara Hveem. Vara: Turid B. Njåstad
Kontaktutval – Gjensidige:	Turid B. Njåstad og org.sjef
Stiftinga Hordaland Landbrukselskap:	Clara Hveem
Innovasjon Norge, Hordaland:	Clara Hveem
Referansegruppe KSL/Matmerk:	Lillian Hovstad, Terje Larssen, kontoret
Rovdyrutval	Sjur Tarjei Fykse
HV-distriktsråd:	Asgeir Nøttveit. Vara: Arild Nydegger Øvre-Eide
Matfestivalen	Org.sjef, Arild Nydegger Øvre-Eide
Vassregion Vestlandet	Lars Peter Taule, Maria Makloufi Skjold
Grøntutval Vestlandet:	Terje Larssen
Kulturlandskapsgruppa (Styringsgruppe Regionalt miljøprogram):	Clara Hveem, org.sjef. Vara: Turid B. Njåstad
Råd, Arbeidstilsynet reg. Vest	Geir Totland, (vara Olav Sande, Rogaland)
Unge, Bygda og Landbruket (FMLA)	Maria Makloufi Skjold

PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTET, 2011 (redigert utdrag)

Årsmøtet vart halde på Westland Hotel på Lindås, i Lindås kommune, 18. – 19. mars.

DAG 1

Ordførar i årsmøtet, Jostein Hellestveit, opna møtet. Musikkinnslag frå musikantar i Lindås skulekorps.

Helsingstale, v/ Astrid Aarhus Byrknes, ordførar i Lindås kommune. MOMENT:

- *Ei aktiv landbruksnæring er viktig som føresetnad for all aktivitet i ein kommune.*
- *Produksjon av trygg mat er den viktigaste oppgåva landbruket løyser for storsamfunnet.*
- *Landbruks- og matsektoren gjev verdiskaping og sysselsetting i landets kommunar.*
- *Verdikjedene som spring ut frå næringa er nokre av dei mest komplette vi har.*
- *Kommunane har eit spesielt ansvar for ei god og framtidsretta utvikling for næringa.*

Bodstikkestafetten

Årsmøtet representerte startskotet for bodstikkestafetten i Hordaland. Fylkesleiar Marta Bjørgum Meland mottok bodstikka frå Jens Edvard Kase i Norges Bondelag, og leverte den vidare til bondelaga i Lindås, ved Frøydis Haugen.



Bodstikka

Representantar frå kommunepolitikken og reiselivet stilte som alliansepartar, med bodskap til den nye stortingsmeldinga. Fjordoppa Marie N tok bodstikka vidare – på vegen mot Oslo.



Alliansepartar: Jenfrid Stellberg, ordførar Astrid Aarhus Byrknes og May Eva Sandvik.

Namneopprop, v/ organisasjonssjef Lars Peter Taule. Årsmøtet samla 41 utsendingar frå 28 lokallag og 16 gjester frå 14 organisasjonar. Andre: Æresmedlem Kari Valland, ordførar og varaordførar i årsmøtet, 7 frå fylkesstyret og 4 frå administrasjonen.

Årsmøtesak 1
Vedtak

Godkjenning av innkalling
Innkallinga godkjent utan merknadar

Årsmøtesak 2
Vedtak

Godkjenning av sakliste
Saklista godkjent utan merknadar

Årsmøtesak 3
Vedtak:

Val av to personar til å skrive under protokoll
Annhild Oma og Martin Lyssand skriv under

Årsmøtet sendte **blomehelsing** til ÆRESMEDLEMANE Anna Sylvia Haukås og Knut A. Dugstad.

Leiar sin tale, v/ Marta Bjørgum Meland

MOMENT: Økonomi/inntektsutvikling for vestlandslandbruket – trong for inntektsløft, jordbruksforhandlingane – samarbeidet mellom fylkesbondelag i landsdelen, matproduksjon og folketalsutvikling (nasjonalt og globalt), ungdom, rekruttering og kompetanse, politikarkontakt - lokalt og regionalt, bondens omdømme, ny stortingsmelding om mat- og landbrukspolitikk, lokallagsarbeid, vervekampanjen i NB, HMS – 0 visjonen, samkome, nettverk og trivnad.

Eg vil aldri slutta å tru på vestlandslandbruket. Det nyttar å kjempa og å være fagorganisert, avslutta
Marta Bjørgum Meland.

Bilete: Marta Bjørgum Meland



”Kva ambisjonar har vi for landbruket?”,

v/ **Jens Edvard Kase**, styremedlem i Norges Bondelag. *MOMENT: Utdfordringar for vestlandslandbruket, ny stortingsmelding om mat- og landbrukspolitikk (inntekts- og produksjonsmålsetting), matproduksjon og folketalsutvikling, energi- og matproduksjon på eigne ressursar, inntekt og strukturverkemidlar, jordvern og arealutvikling, klimautfordringar og nye energiformer, politisk kontakt, framtidsbonden.*

MINISEMINAR OM UNGDOM OG REKRUTTERING

Innlegg:

- ”Vi har ungdom som vil – kva må til?, v/ **Ingrid Tennebekk Bjørke**, HBU.
- ”Unge som tør å satse på grøn kompetanse og matproduksjon;
 - o **Frøydis Haugen**, bonde og lokallagsleiar i Austrheim/Lindås B-lag.
 - o **Kjetil Mehl**, bonde og lokallagsleiar i Omvikdalen Bondelag.
 - o **Kari Marie Njåstad** frå Osterøy, student, UMB.

ORDSKIFTE. Følgjande tok ordet: Solveig Lilletvedt (Bergen Bondelag), Reidar Konglevoll (Alversund/Seim Bondelag), Marta Bjørgum Meland (HB), Magnus Vaktstjold (Stend vidaregåande skule), Turid Bjørndal Njåstad (HB), Halvard Fausk (Omvikdalen Bondelag), Tore Økland (Sveio Bondelag), Reidar Kloster (Fitjar Bondelag), Hans Arne Breivik (Sotra og Øygarden Bondelag), Clara Hveem (HB), Gjermund Stuve (Vikøy og Øystese Bondelag), Dag Arne Helle (Felleskjøpet Agri), Bjarte Naterstad (Norsk Landbruksrådgiving Hordaland), Kari Valland (æresmedlem), Borghild Reenskaug (Tine), Jens Edvard Kase (Norges Bondelag).

MOMENT: Velferd, fritid og økonomi, motivasjon og optimisme, eigeidomsoverdraging, profilering av landbruksfagleg utdanning, landbruket som kompetansenæring, deltaking på utdanningsmesser, nettbasert agronomkurs, yrkesrettleiing i grunnskulen, kurstilbod, fadderordningar, opplæringsgardar, lokale møteplassar og korleis vi framstiller yrket vårt.



Ingrid Tennebekk Bjørke, Kjetil Mehl, Frøydis Haugen og Kari Marie Njåstad

”Frå petrofilii til bioenergi”, v/ **Svein Guddal**, prosjektleiar i Norges Bondelag. Informasjon om Norges Bondelag sitt arbeid for å utvikle satsing på bioenergi, samt tankar kring klimaproblematikk, nye energiformer og næringspotensiale for landbruket.

MOMENT: Klimakrise, energikrise, utvikling av framtidens energiformer, fossilfri næring innan 2030, matproduksjon/biodrivstoff, småkraft, solenergi, gardsvindmøller, ressurstilgang, eigeidomsrett og inntektsgrunnlag for grunneigarane.

Open post

HELSINGAR FRÅ: Borghild Reenskaug (Tine), Svein Atle Steinbru (Gjensidige), Hans A. Breivik (Nortura), Ole Bakkebø (FMLA), Kari Valland (æresmedlem, HB), Gjermund Stuve (Landbrukstenester Hordaland), Gaute Aarbø (Norsvin), Ingrid T. Bjørke (HBU).

Tur til oljeraffineriet på Mongstad.

Årsmøtemiddag, leia av Turid Bjørndal Njåstad.

- Voss Bondelag fekk utmerkinga ”Årets lokallag i fylket 2010”. Marta Bjørgum Meland overrekte prisen på kr 10 000,- til lokallagsleiar Ole Jørgen Rio.
- Reidar Konglevoll, lokallagsleiar i Alversund/Seim Bondelag, fekk heider for sin store innsats med å profilera bondelagsarbeidet i Nordhordland.
- Clara Hveem takka Marta Bjørgum Meland for innsatsen i fylkestyret, inkludert fem år som fylkesleiar.

DAG 2

Jordbruksforhandlingane – strategi og tiltak

- Jens Edvard Kase: Styret i NB sine vurderingar og prioriteringar.
- Marta Bjørgum Meland: Hovudlinene i fellesuttalen med fylkesbondelaga i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, samt fylkestyret sin eigen uttale.
- Lars Peter Taule: Aksjonsplanar.

KOMMENTARAR frå Arild N. Øvre-Eide, Reidar Konglevoll og Bente J. Øpstad.

Open post

- Det vart opna for spørsmål og kommentarar til leiaren sin tale.
- Informasjon om – og utdeling av brosjyren til HB: ”Vil vil lage maten din”. (*Bilete over*)
- ”Framtidsbonden”. Nytt prosjekt i regi av HB. Lars Peter Taule orienterte.
- ”Svinn i daglegvarehandelen”. Skriftleg innspel frå Reidar Konglevoll.
- Rekruttering og Inn på Tunet, v/ Reidar Konglevoll.
- Ny brosjyre frå NBU ”Norge rundt for amatører”.



Bodstikkestafetten – korleis få merksemd om bodskapan vår?

- Manifest frå Norges Bondelag, v/ Jens Edvard Kase.
- Opplegget i Hordaland. Orientering, v/ Tore Henrik Øye.
- Gruppearbeid om gjennomføring av bodstikkestafetten i Hordaland.

Årsmøtesak 4 Innkomne saker

- Lokallaga i sentrum. Oppsummering, v/ Tore Henrik Øye.

Årsmøtesak 5 Årsmelding

Marta Bjørgum Meland presenterte hovudtrekka. Ingen spørsmål/kommentarar.

Vedtak: *Årsmeldinga for 2010 godkjent.*

Årsmøtesak 6 Rekneskap

Turid Bjørndal Njåstad gjekk gjennom rekneskapan og revisorrapporten.

Vedtak: *Framlagt rekneskap for 2010 godkjent.*

Årsmøtesak 7 Budsjett

Turid Bjørndal Njåstad presenterte framlegg til budsjett for 2011.

SPØRSMÅL/KOMMENTARAR frå Solveig Lilletvedt, Asgeir Nøttveit, Reidar Konglevoll, Bente Juveng Øpstad og Reidar Kloster.

Vedtak: *Framlagt budsjett for 2011 godkjent.*

Årsmøtesak 8 Arbeidsplan

Clara Hveem presenterte framlegg til arbeidsplan for 2010 – 2011.

Vedtak: *Arbeidsplanen for 2010-2011 godkjent.*



Varaordførar Inger-Marie Vika og ordførar Jostein Hellestveit.

Årsmøtesak 9 Val

Fungerande leiar i valnemnda, Solveig Karin Vabø, orienterte om arbeidet og innstillinga. Oppteljing viste 46 stemmeføre representantar. Ordførar Jostein Hellestveit leia gjennomføringa av valet. **Resultat:**

FYLKESSTYRET:

Verv	Namn	Kommune	Krins	Status
Leiar	Clara Hveem	Kvinnherad	Krins 1	Ny
Nestleiar	Turid B. Njåstad	Osterøy	Krins 5	Attval
Styremedlem, 2 år	Lillian Hovstad	Fitjar	Krins 1	Attval
Styremedlem, 1 år	Arild N. Øvre-Eide	Bergen	Krins 2	Ny
Styremedlem, 1 år *	Sjur Tarjei Fykse	Kvam	Krins 3	Ny
1. vararepresentant	Terje Larssen	Ullensvang	Krins 3	Ny
2. vararepresentant	Rannveig Hjelmeland	Kvinnherad	Krins 1	Ny
3. vararepresentant	Roar Angelskår	Lindås	Krins 5	Ny

* Ledig verv etter at årsmøtet godtok Jostein Ljones sitt ønske om å tre ut av styret, eitt år før tida.

REVISOR: Ikkje valgt. Ligg til Norges Bondelag frå og med 2011.

ORDFØRAR: Jostein Hellestveit (attval).

VARAORDFØRAR: Inger-Marie Vika (attval).

AKSJONSUTVAL: Styret i Hordaland Bondelag.

NYE ÅRSMØTEUTSENDINGAR, 2011 - 2012:

Terje Larssen, Turid Bjørndal Njåstad, Lillian Hovstad.

VARAUTSENDINGAR TIL ÅRSMØTET 2011:

- | | |
|------------------------------|--|
| 1. vara: Sjur Tarjei Fykse | 2. vara: Rannveig Hjelmeland. |
| 3. vara: Roar Angelskår. | 4. vara: Bjørne Røthe |
| 5. vara: Inga Winjum Rørlien | 6. vara: Lars Peter Taule (org. sjef). |

GODTGJERSLE: - Dagmøte inntil 4 timar; kr 750,-

- Dagmøte over 4 timar; kr 1 500,-

- Bilgodtgjersle; Statens satsar frå mars 2011 gjeld til neste årsmøte.

VALNEMND:

Krins	Fast representant	Vararepresentant	Status
1	Anita Larsen	Oddvar Oldereide	Ikkje på val
2	Olav Botnevik	Jan Hauge	Ny – valgt for 2 år
3	Sissel Opedal	Oddbjørn Borge	Ny – valgt for 2 år
4	Magnar Nese	Johan Børsheim	Ikkje på val
5	Sigvard Hopland (leiar)	Asgeir Nøttveit	Ny – valgt for 2 år

ORGANISASJONS- OG MEDLEMSARBEID

Lokallaga i Hordaland

Hordaland Bondelag har i dag 39 lokallag, og med unntak av Fedje, er det minst eitt lokallag i alle kommunar.

I løpet av året var det to samanslåingar av lokallag. Strandebarm Bondelag og Tørvikbygd Bondelag gjekk saman til Strandebarm - Tørvikbygd Bondelag, og Vaksdal Bondelag og Eksingedalen Bondelag slo seg saman, førebels under namnet Eksingedalen Bondelag. Samanslåinga skal gjere laga meir slagkraftige inn mot til dømes kommune og politikarar, samt gjere organiseringa av medlemsarbeidet lettare.

Fleire lokallag har i løpet av året satsa på ny frisk, med møte, kurs og andre arrangement.



Os Bondelag stilte opp med Bingohøner på Bondens dag i Os.

Aktive lokallag

Styret har utarbeidd retningslinjer og søknadsskjema for aktive lokallagsmidlar. Laga må ha aktivitet ut over ordinær drift for å få tildeling. Aktivitet ovafor opinion og politikarar vert vektlagt. Potten i år var på kr 52 500,-, inkludert tilleggsløyvingar til laga som arrangerte Open Gard.

Lokallag som fekk midlar i 2011: Omvikdalen Bondelag, Manger Bondelag, Alversund og Seim Bondelag, Bergen Bondelag, Stord Bondelag, Austrheim/Lindås Bondelag, Os Bondelag, Eikanger Bondelag, Fitjar Bondelag, Bømlo Bondelag, Osterøy Bondelag, Strandebarm – Tørvikbygd Bondelag, Uskedalen Bondelag og Fusa Bondelag.

Lokallaga i Hordaland Bondelag

2011/2012

Reg	lok.l	nr	Lokallagnamn	Namn	Adresse	Postnr	Stad	Telefon	Mobil
1	812	1101	Etne Bondelag	Anne Holter Vae	Vae	5590	ETNE		99158814
1	812	1601	Sveio Bondelag	Frøde Handeland	Dyngjevn 105	5550	SVEIO		41215083
1	812	1901	Bømlo Bondelag	Eivind Nesse		5430	BREMNES	53427566	45614621
1	812	2101	Stord Bondelag	Torunn Eikeland	Kyvik	5414	STORD	53413875	92428832
1	812	2102	Huglo Bondelag	Erik Willgohs		5497	HUGLO	53495616	90145359
1	812	2201	Fitjar Bondelag	Reidar Kloster		5419	FITJAR	53497812	95097620
1	812	2401	Varaldsøy Bondelag	Erling J. Skjelnes	Lindeberg	5636	VARALDSØY	53488137	90770037
1	812	2404	Ornvikdalen Bondelag	Kjetil Mehl	Landavegen 192	5464	DIMMELSVIK		98064163
1	812	2405	Uskedalen Bondelag	Olav Hjetland Bringedal	Kjerlandssido 65	5463	USKEDALEN		41104745
1	812	2407	Ølve/Hatlestrand Bondelag	Veronica K. Hellestveit	Skarvatunvegen 253	5637	ØLVE		92411007
1	812	2410	Åkra Bondelag	Oddbjørn Sørheim		5499	ÅKRA	53479970	90760349
1	812	2411	Halsnøy Bondelag	Anders Nordhus	Fjelberg	5459	FJELBERG		41208621
2	812	0103	Bergen Bondelag	Arild Nydegger Øvre-Eide	Øvre-Eide 36	5105	EIDSVÅG I ÅSANE		90843412
2	812	2301	Tysnes Bondelag	Leif Magne Hovland	Hovland	5684	ONARHEIM		41212193
2	812	4101	Fusa Bondelag	Bente Juveng Øpstad	Gjerdevegen 12	5641	FUSA		41642552
2	812	4201	Samnanger Bondelag	Anne Frøland	Frøland	5650	TYSSSE	56586531	91750242
2	812	4301	Os Bondelag	Martin Lyssand	Lyssand 5	5200	OS	56306094	97166960
2	812	4401	Austevoll Bondelag	Ingolv Skumsnes	Hufthamar	5392	STOREBØ	56184988	98870803
2	812	4601	Sotra og Øygarden B.	Hans Arne Breivik	Breivik	5337	RONG	56387489	95744560
2	812	4701	Askøy Bondelag	Arvid Nese	Nybø Gård	5307	ASK	56149160	90037726
3	812	2701	Jondal Bondelag	Hans Olav G. Flatabø		5626	KYSSNESTRAND	53473241	97146104
3	812	2801	Odda/Røldal Bondelag	Kåre Johannes Aase	Åse	5750	ODDA	53645622	91330136
3	812	3101	Ulensvang Hagebrukslag	Sissel J. Opedal	Opedal	5781	LOFTHUS	53661429	90870340
3	812	3802	Strandebarm-Tørvikbygd B.	Annhild Oma	Omavn 139	5632	OMASTRAND	56554208	99459694
3	812	3803	Vikøy og Øystese Bondelag	Harald Olav Fosso	Fossovegen 59	5600	NORHEIMSUND		48100803
4	812	3301	Ulvik og Eidfjord Bondelag	Stein Olav Kolås		5730	ULVIK		95700849
4	812	3401	Granvin Bondelag	Inga Winjum Rørlien	Sakvitne	5736	GRANVIN	56525734	97571612
4	812	3501	Voss Bondelag	Ole Jørgen Rio	Reppavegen 22	5710	SKULESTADMO	56516920	41564305
4	812	3502	Bulken - Evanger Bondelag	Bjørne Røthe	Dyrvedalsvegen 512	5700	VOSS	56514447	91330063
4	812	3503	Vossestrand Bondelag	Ole Draugsvoll	Draugsvollbakkane 12	5713	VOSESTRAND		91179664
4	812	5103	Eksingedalen Bondelag	Magnar Nese	Brakestad	5728	EIDSLANDET	56595954	97588303
4	812	5201	Modalen Bondelag	Ann-Jorunn Farestveit	Farestveit	5729	MODALEN		41645012
5	812	5301	Osterøy Bondelag	Lars Mæle		5286	HAUS	56390206	97739761
5	812	5601	Meland Bondelag	Dagfinn Skare	Sagstad	5918	FREKHAUG	56177642	91589331
5	812	6001	Manger Bondelag	Asgeir Nøttveit	Nøttveit	5936	MANGER	56373421	48154556
5	812	6301	Austrheim / Lindås B.	Frøydis Haugen		5955	LINDÅS		48288669
5	812	6303	Alversund og Seim B.	Reidar Konglevoll	Seim	5912	SEIM	56351334	92848980
5	812	6306	Eikanger Bondelag	Roar Angelskår	Eidsheim	5915	HJELMAS		95205228
5	812	6601	Masfjorden Bondelag	Gerd Astrid W. Haugsvær		5983	HAUGSVÆR	56366227	

Medlemstal

Per 1. januar 2011 hadde Hordaland Bondelag 3 592 medlemmar. Ved utgangen av året var medlemstalet auka til 3 626. Totalt var det 207 personar som melde seg inn, medan 158 melde seg ut. Hordaland Bondelag var dette året, som førre år, det fylket som hadde størst prosentvis auke i medlemstalet!

Årets lokallag

Nytt av året var Norges Bondelag si kåring av "Årets lokallag". Styret i Hordaland kåra Voss Bondelag til fylkesvinnar. Laget fekk ein pris på kr 10 000,-, og vart nominert til den nasjonale prisen. Laget hevda seg blant dei beste også her, men nådde ikkje heilt til topps.

Voss Bondelag vann fylkeskåringa fordi dei har generelt høg aktivitet og gode rutinar for drifta.



Årets lokallag: Voss Bondelag

Laget har vist evne til å hive seg rundt og ta tak i tidsaktuelle spørsmål lokalt, mellom anna arealsaker i kommunen. Styret let høyre frå seg gjennom både uttalar og medieoppslag. Open Gard er eit viktig arrangement for laget, og dei støttar opp om aktivitetar i regi av ungdomen i bygda. Voss Bondelag har godt samarbeid med andre bondelag i kommunen, og deltek alltid på arrangement i regi av fylkeslaget.

Regionmøta

Dei fire regionmøta vart haldne på Stord, i Bergen, på Lindås og i Granvin i januar, med deltaking frå 65 tillitsvalde og 30 lokallag. Alle laga orienterte om lagsdrifta, og runden rundt bordet viste god og variert aktivitet. Mange lag driv praktisk HMS-arbeid, med brannverndagar og førstehjelpskurs. Andre gjeremål var Open Gard, ulike former for landbruksdagar, landbrukskafé, politiske møte og Landbruksspelet.

Valnemnda var med på alle møta, og orienterte om arbeidet fram mot valet. Representantar frå fylkesstyret og administrasjonen, deltok også. Mange saker vart tekne opp, mellom anna komande jordbruksforhandlingar, ny stortingsmelding, "Lokallaga i sentrum" og HMS.

Årsmøta i lokallaga

Hausten 2011 vitja tillitsvalde og tilsette i fylkeslaget 33 lokallagsårsmøte. Dette er ei prioritert oppgåve frå fylkeslaget, og målet er at laga skal få vitjing minst annakvart år. I tillegg skal det ystast ekstra hjelp til lag som ønskjer å auke aktiviteten.

Bilete: Annhild Oma og Oddbjørn Borge i "nye" Strandebarm-Tørvikbygd Bondelag.



Leiarmøtet

Leiarmøtet vart halde i Bergen, i samband med Agro Hordaland 2011. Leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke, var med på møtet. Han snakka mellom anna om Matkjedeutvalet, det vanskeleg avlingsåret vi har bak oss og bondelaget sitt arbeid med å setje landbruket på dagsorden fram mot Stortingsvalet i 2013. Mange lokallagsleiarar nytta høvet, og tok ordet medan den øvste leiaren vår, var til stades.

Informasjonssjef i Norges Bondelag, Kjetil Randem, la fram ein strategi for å få fokus på - og gjennomslag for - sakene våre. Deltakarane kom med gode innspel gjennom gruppearbeidet.

Dag to hadde fokus på lokallaga. Lokallagsleiarane Annhild Oma og Olav Hjetland Bringedal, snakka om omdømmebygging, kommunikasjon og mediearbeid i sine lokallag.



Olav Hjetland Bringedal



Leiar i Norges Bondelag og leiar i Hordaland Bondelag

Æresmedlemar

Æresmedlemskap er ei heider til personar som har gjort spesielt godt arbeid for organisasjonen og medlemmane. Utmerkinga kan gjevast både på lokal-, fylkes- og landsnivå i organisasjonen.

Hordaland Bondelag har tre æresmedlemar: Knut A. Dugstad frå Voss, Anna Sylvia Haukås frå Bergen og Kari Valland frå Kvam.

Open Gard

Open Gard er eit årleg, landsomfattande arrangement som skal skape positive haldningar til landbruket. Den ”nasjonale dagen” for Open Gard var 21. august.

Open Gard på Øvre-Eide i Bergen, Keilegavlen i Lindås og Ystebø på Radøy den 21. august samla opp mot 1 500 besøkande. Aktivitetane var mange og varierte, mellom anna traktorkøyring, hopping i høyet og ridning. Leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke, vitja arrangementa både i Lindås og på Radøy, med opning av lausdriftsfjøs og handmjølkning på programmet. Både store og små møtte opp alle tre stadene, sjølv om det sila ned. Fylkeslaget takkar arrangørane for god gjennomføring, og alle dei som fann vegen til gards!

I tillegg til den ”nasjonale dagen” for Open Gard, er Etne Bondelag med som arrangør av Etnemarknaden. Voss Bondelag og Bulken/Evanger Bondelag arrangerar Open Gard på Voss jordbruksskule kvar haust. Det vert også arrangert andre former for aktivitets- og familiedagar i regi av lokallaga.



Møte om grågås

8. desember arrangerte Fusa Bondelag og Hordaland Bondelag drøftingsmøte om forvaltning av grågås. Arten gjer stor skade på innmark, og er såleis vorte eit problem for mange gardbrukarar i fylket. Arne Follestad, forskar ved NINA, gav i dette høve god, fagleg informasjon om grågåsa, med vekt på tiltak som kan gje effekt. Møtet var ope for alle interesserte, og det var god deltaking frå både offentleg forvaltning, grunneigarar og jegarar.

Årsmøtet i Norges Bondelag

Årsmøtet vart halde på Lillehammer 8.og 9. juni. Fylkeslaget stilte med seks utsendingar, i tillegg til leiar Clara Hveem. Desse var Turid Bjørndal Njåstad, Lillian Hovstad, Rannveig Hjelmeland, Arild Nydegger Øvre-Eide, Sjur Tarjei Fykse og Terje Larssen.

Hordalendinger som møtte for Norges Bondelag: Marta Bjørgum Meland (Grøntutvalet), Jostein Hellestveit (leiar i valnemnda) og Nils T. Bjørke (leiar). Lars Peter Taule og Maria Makloufi Skjold representerte administrasjonen i Hordaland Bondelag.



Glade utsendingar frå Hordaland.

I generaldebatten snakka Clara Hveem om distriktspolitikk, verkemiddelbruk og auka matproduksjon. Rannveig Hjelmeland heldt innlegg om hjorteskadeproblematikk, med oppfordring til Norges Bondelag om å ta tak i situasjonen. Vestlandsbønder vil föra sau og ku - ikkje hjort, var budskapet hennar. Landbruks- og matminister Lars Peder Brekk, Knut Arild Hareide (KrF) og Bård Vegar Solhjell (SV), deltok alle på møtet. Politikarane snakka varmt om auka matproduksjon og norsk landbruk.



Clara Hveem og Jostein Hellestveit gjekk høvesvis ut av styret og valnemnda i Norges Bondelag, medan Nils T. Bjørke heldt fram som leiar.

Jordbruksforhandlingane

Lokale studieringar

Lokallaga gjennomførte studieringar framføre jordbruksforhandlingane. 19 lokallag kom med skriftlege innspel til Hordaland Bondelag si uttale.

Bilete: Austrheim/Lindås Bondelag, her v. Frøydis Haugen og Jostein Hellestveit, var eit av lokallaga som kom med innspel.



Samråingsmøte

På vegne av Samarbeidsrådet inviterte Hordaland Bondelag landbruksorganisasjonane til diskusjonsmøte om jordbruksforhandlingane. Møtet fann stad på Landbrukstunet 7. januar. Åtte organisasjonar sendte skriftlege innspel til bondelaget i etterkant av møtet. Fylkesbondelaga i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland heldt også drøftingsmøte, og fremja felles krav til fleirårig tiltakspakke for vestlandslanndbruket.

Uttale frå Hordaland Bondelag

Hordaland Bondelag fekk mange gode innspel til utforminga av kravet til jordbruksforhandlingane, både frå lokallaga og samarbeidande organisasjonar. Lokallaga sitt studiearbeid var i så måte nyttig. Innspela danna grunnlag for diskusjonane og den endelege uttalen som fylkeslaget sendte til Norges Bondelag.

Resultat

I jordbruksforhandlingane 2011 vart det semje mellom Staten og Norges Bondelag om ei økonomisk ramme på 1 420 millionar kroner, fordelt slik: *kr. 760 millionar i auka målpris, 365 millionar i auka løyving og 135 millionar i auka verdi av jordbruksfrådraget.*

Etter vurderingar frå Forhandlingsutvalet, vart det inngått jordbruksavtale dette året. Grunngevinga var:

- Forhandlingsgevinst på 420 millionar kroner.
- Kronemessig lik inntektsutvikling, omdisponert til eit låginntektstillegg på 2 000 kr/årsverk.
- Innarbeidd kotyme på etterslep. Skulle kostnadsanslaget svikte, hentar ein dette inn ved neste års forhandlingar.
- Vanskeleg å forstå for andre i samfunnet at ein takkar nei til tilbodet.
- Fekk betra kornøkonomien vesentleg i høve til tilbodet.

Bodstikke stafetten

Bodstikke stafetten var ein landsdekkjande stafett i regi av Norges Bondelag, med mål om å skape engasjement kring den nye stortingsmeldinga om landbruks- og matpolitikk. Intensjonen var å bringe bodstikka innom alle landets kommunar, og samle støtte til norsk landbruk og lokal matproduksjon.

Startskotet i Hordaland gjekk i samband med årsmøtet til Hordaland Bondelag.



Fylkesordførar Torill S. Nyborg skreiv under.

Det vart lagt opp til tre bodstikker, med tre ruter. Fylkesleiar Marta Bjørgum Meland førde inn bodskapan frå fylkeslaget, og overrekte ”stikkene” til lokallaga som skulle stå for den første etappen. Opninga vart markert med Bodstikkevisa og appellar frå lokalpolitikarar og regionalt næringsliv. Fjordhoppa Marie N stod for standsmessig skyss, og frakta bodskapan vidare i Nordhordland – på vegen mot Stortinget i Oslo.

Dei tre bodstikkene var innom 31 av 33 kommunar i fylket, med gulkledd tillitsvalde som bodberarar. Resultatet vart seks smekkkfulle pergamentrullar med støtteerklæringar frå både politikken, reiselivet, næringslivet, naturvernet, friluftslivet, kyrkja, bankvesenet og idretten!

Mange kreative reisemåtar og vekslingsarrangement vart brukt. Mellom anna symboliserte vekslinga i botn av Bømlafjordtunnelen den einaste farbare veg for vestlandslandbruket: Oppover! I Kvinnherad song tillitsvalde Bodstikkessonngen for kommunestyret, og i Fusa vart rullerki brukt for å ta ”stikka” vidare. På Bømlo sikra mjølkebilen stødige transport. Det planlagde fallskjermhoppet på Voss måtte derimot avlyst grunna vèret.

Etter avslutta ”rundtur”, stod Fylkesmann Lars Sponheim for sjarmøretappen, med hest og vogn, til skulen på Stend. Der overleverte han bodstikkene til nyvald fylkesleiar, Clara Hveem, i samband med Hordaland Bondelag sitt landbrukspolitiske møtet (*bilete*).

Tittelen på møtet var "Ny giv for matproduksjon og grøn kompetanse på Vestlandet". Lars Sponheim, statsråd Karl-Eirik Schjøtt-Pedersen, stortingsrepresentant Frank Bakke-Jensen (H) og Nils T. Bjørke heldt innlegg.



Om lag 20 tillitsvalde frå fylket følgde ”stikkene” heilt fram til Oslo, for å delta på Norges Bondelag sitt fellesarrangement, den 12. april. Her møttest 700 bodberarar frå heile landet, til bodsticketog på Karl Johan og felles markering utafor Stortinget.

Alle bodstikkene vart overrekt til Stortingspresident Dag Terje Andersen. Clara Hveem leverte bodskapen frå Hordaland.



Frå markeringa i Oslo.

Lokallaga i Hordaland viste stor innsats og innleving i samband med stafetten. Engasjementet skapte stor interesse og merksemd, og vi fekk fleire titals medieoppslag. Dette gjorde både stafetten, bodskapen vår og bondelaget som organisasjon, godt synleg!
TAKK FOR JOBBEN!

Aksjonsberedskap

Norges Bondelag hadde høg aksjonsberedskap dersom brot. Fylkeslaget la opp detaljerte planar, med involvering av lokallaga.

Aksjonsviljen hos medlemmane var stor, og trykket høgt. Enkelte stader gjennomførte bønder spontanaksjonar på eige initiativ, mellom anna plakataksjonen i Kvinnherad (*bilete til høgre*).



Ungdom og rekruttering

Rekruttering til landbruket er høgt prioritert i Hordaland Bondelag. Det årlege Unge Bønder-kurset er populært, og bondelaget har eit godt samarbeid med 4H og Bygdeungdomslaget, både gjennom fylkeslaget og lokallaga.

Prosjektet ”Velg Landbruk” vart skipa etter jordbruksforhandlingane i 2011, og er eit samarbeid mellom avtalepartane. Hordaland Bondelag har hatt kontakt med prosjektleiari Mali Romestrand, som har kontorstad hos Norges Bondelag. Prosjektet har mellom anna utarbeidd profileringsmateriell til bruk for fylkeslag og lokallag.



Avgangselevar ved agronomen på Tveit

Lokallaga har vore aktive i rekrutteringsarbeidet. Representantar frå Stord Bondelag og Huglo Bondelag informerte 15 elevar ved Nysæter Ungdomskule om naturbruks-utdanninga i fylket. Bakgrunnen var elevane sitt ønskje om å høyre meir om grønt utdanning, som grunnlag for framtidige val. Dette med utgangspunkt i den yrkesretta opplæringa i ungdomsskulen og faget ”Utdanningsval”.

Avgangselvane ved agronomen på Tveit vidaregåande skule fekk innføring i ”bondens kvardag”, då leiari i Sveio Bondelag, Frode Handeland, stilte opp som lærar for ein dag. Elevane fekk også høyre om kva bondelaget arbeider med, samt informasjon om mogelege utdannings- og yrkesval innafor landbruket.

Frøydis Haugen og Reidar Konglevoll var bondelaget sine representantar på yrkes- og utdanningsmessa i Knarvik i haust (”Nordhordlandmessa”), med stand i lag med dei grøne naturbruksskulane i fylket.

Fylkeslaget deltok i år som i fjor under Bergen Internasjonale Filmfestival (BIFF). Turid Bjørndal Njåstad heldt innlegg under framsyningane, og svarte på spørsmål frå ungdomane i salen. Clara Hveem deltok på arrangementet om kvelden.

Hordaland Bondelag er med i styringsgruppa til ”Unge, Bygda og Landbruket”; eit rekrutterings- og likestillingsprosjektet er i regi av Fylkesmannen og Fylkeskommunen. Målet er å skape møteplassar for unge, både regionalt og lokalt. Prosjektet har tidlegare helde to Unge Bønder-konferansar (No er det min tur I og II), og delfinansiert lokale prosjekt som til dømes ”Vår Tur, vårt ansvar” og ”Glade Bønder”. Styringsgruppa planlegg no ein ny Unge Bønder-konferanse og to nye prosjektsatsingar lokalt.

Like før jul heldt organisasjonssjef Lars Peter Taule førelesing for klassen som tek nettbasert agronomkurs på Stend vidaregåande skule. Hovudtema var naturbasert næringsutvikling.

Tore Henrik Øye heldt innlegg på nasjonal samling for naturbrukslærarar i november. Samlinga fann stad på Stend, og innlegget tok føre seg samarbeidet mellom bondelaget og naturbruksskulane om rekrutteringstiltak.

Tore Henrik Øye deltok på nasjonal work shop i Oslo om rekrutterings- og kompetanseutfordringane i landbruket. Konferansen vart halde i regi av prosjekta ”Velg Landbruk” og ”Rett Landbruksutdanning”.

Fleire lokallaga har halde eigne arrangement og møte om rekruttering. Nettsida til fylkeslaget, har også hatt mange reportasjar om tema.



Ølve Hatlestrand Bondelag sikrar rekruttering ved å arrangere Unge Bønder-kurs.

Medlemsverving

Lokallaga heldt fram med medlemsverving i 2011. I tillegg representerte Unge Bønder-kurset ein god vervearena. Hordaland Bondelag var det fylkeslaget som hadde størst medlemsvekst i år (opp med 1 %).

ARBEIDET I FYLKESLAGET

Kontorfellesskapet på Landbrukstunet

Hordaland Bondelag har kontor ved Landbrukstunet på Stend. Her har vi eit godt fellesskap med Norsk Landbruksrådgiving Hordaland, Veksthusringen og FanAgro. Det at vi har kontor på eit gardsbruk med aktive ungdomar, gir også gode høve til samarbeid.

Styremøte

I 2011 hadde fylkesstyret 10 styremøte og 4 telefonmøte. Styret handsama 82 saker.



Ambassadør for norsk landbruk: Styremedlem Arild Nydegger Øvre-Eide deler ut tskjorter til Claude Soude frå det franske bondelaget FNSEA i Paris.

Ny mat- og landbruksmelding

Den 2. desember la Regjeringa fram den lenge varsla stortingsmeldinga om framtidig mat- og landbrukspolitikk. "Velkommen til bords" var sett som tittel, og meldinga har fire overordna mål: Mattryggleik, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk.

Dei politiske signala tilseier at det er lite rom for endring under høyringsperioden, men det er ønskjeleg med tydeleg debatt for å synleggjere ambisjonane i meldinga. Hordaland Bondelag har gitt sine innspel gjennom Norges Bondelag og direkte politisk kontakt. Eit viktig mål er at fokus på auka sjølvforsyning skal gi reelt inntektsløft, også for vestlandsbonden.

Internett og sosiale medier (www.bondelaget.no/hordaland)

Arbeidet med nettsida har prioritet, og fokuset er ofte lokale arrangement. Vi får innspel frå både lokallag og andre organisasjonar, men vi vil gjerne ha fleire framlegg til saker.

Hordaland Bondelag har ei facebookside, der alle interesserte kan bli tilhengjarar. Sida vert nytta til nyhende, diskusjonar og nettverksbygging. Nytt av året er Hordaland Bondelag på twitter: @Hordalandbonde.

Arbeidsplan 2011 - 2012

Arbeidsplanen vart vedteken på årsmøtet, og byggjer på visjonen ”Vi får Norge til å gro”.

Utdrag:

- Hordaland Bondelag skal arbeide for å ivareta landbruket og medlemane i Hordaland sine interesser på ein best mogeleg måte. Målet er å fremja eit bærekraftig landbruk som sikrar mat, miljø og levande bygder, og med det ei bærekraftig samfunnsutvikling. Fylkeslaget må til kvar tid vere budd på å ta opp viktige saker.

Arbeidsplanen formulerar konkrete mål, mellom anna:

- Prioritere at viktige tema for Hordaland vert ivaretatt i den nye meldinga til Stortinget om mat- og landbrukspolitikk.
- Synleggjere vår næring/våre interesser i forkant av kommune-/fylkestingsvalet.
- Arbeide for å betre økonomien og rekrutteringa til vestlandsjordbruket.
- Ha god kontakt mot det politiske miljøet
- Arbeide med org.opplæring og rekruttering, med vekt på kvinner og unge.

Agro Hordaland 2011

Agro Hordaland vart halde på Clarion Bergen Airport Hotel, 28. og 29. oktober, med om lag 250 deltakarar frå heile fylket. Hordaland Bondelag var medarrangør i lag med Tine, Nortura og Felleskjøpet. Tore Henrik Øye representerte bondelaget i arbeidsgruppa.

Arrangementet starta med landbrukspolitisk møte: ”Mogelegheter og utfordringar for hordalandsbonden”. Statsråd Lars Peder Brekk var ein av innleiarane.



Lars P. Brekk, Lars Sponheim, Nils T Bjørke, Sveinung Svebestad, Ole C .Hallesby, Victor Norman

Jørn Lie, Bondelagskokken 2010, stod for festmiddagen. Reidar Kallestad, bonde frå Keilegavlen i Lindås, fekk tildelt Agro Hordaland`s Heiderspris. Fagprogrammet laurdagen, hadde om lag 20 faginnlegg. 13 organisasjonar heldt stand. Gjensidige var hovudsponsor. Evalueringa fortel om eit vellukka arrangement og nøgde deltakarar. Sluttrapport er utarbeidd. Neste arrangement vert i 2013!

Inn på Tunet (IPT)

Norges Bondelag har eit IPT-utval, der Hordaland er representert med Reidar Konglevoll. Utvalet skal sikre IPT-produzentane sine interesser, og gje råd til styret i NB. Hordaland Bondelag held kontakten med Fagforum Inn på tunet Hordaland, og deltek på ulike møte med Inn på tunet som tema.

Både bondelaga og bonde- og småbrukaraga i Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, har samarbeider med Høgskulen i Molde om eit kurs med fokus på garden som pedagogisk ressurs og læringsarena, der blesting av kursa er ein viktig del.



Frå Lindåsdagane. Foto Frøydis Haugen.

Samarbeidsrådet for landbruk Hordaland/Sogn og Fjordane

Leiar og organisasjonssjef representerar Hordaland Bondelag i Samarbeidsrådet. Ingunn Sognnes, Tine, er leiar i rådet. Sentrale aktivitetar i 2011 var felles møte med stortingsrepresentantane frå dei to fylka, samrådsmøte mellom ulike landbruksorganisasjonar i førekant av jordbruksforhandlingane, samt rådsmøte.

Samarbeidsrådet arrangerte møte med stortingsrepresentantane frå vestlandsfylka i februar. Det vart eit hyggeleg møte i Oslo. På programmet stod vestlandsjordbruket, skogbruket på Vestlandet, jordbruksforhandlingane og den nye stortingsmeldinga.

Landbruksorganisasjonane hadde også møte med listetoppene i Hordaland om nytt meierianlegg på Flesland og framtida for mjølkeproduksjonen i fylket.

Støtte til bønder i andre land

Hordaland Bondelag støttar bønder i land der det ikkje alltid er mogeleg å få lån i banken. Støtta gis gjennom mikrolån, og vert formidla av organisasjonen KIVA. Vi har lånt ut til bønder i mellom anna Senegal, Samoa, Georgia, Zimbabwe, Kenya, Tadsjikistan, Pakistan, Kyrgyzstan, Indonesia og Bolivia.

På KIVA sin nettstad kan ein lese om kva for produksjon bøndene har og kva dei vil nytte lånet til. Dei fleste treng pengar til gjødsel og frø, eller dei vil kjøpe ei mjølkeku, nokre kalvar eller sauer. Det er ei lita investering i norsk målestokk, men for bøndene i KIVA-programmet er det snakk om å overleve og kanskje gi borna ei utdanning.

Tilbakebetalingprosenten er på 98.82%, og når bøndene har betalt tilbake låna sine, kan ein låne ut pengane på nytt til nye bønder.

KURS OG OPPLÆRING

Studietur til Paris

I mars reiste det nye fylkesstyret og tilsette på studietur til Paris. I tillegg til styremøtet, vitja styret det franske bondelaget FNSEA og Rungis marknaden, som er ein engrosmarknad. Der fekk vi ein guida tur og innblikk i variasjonen på frukt, grønt, ost og blomar. Det vart òg tid til litt sightseeing i Paris.



Clara Hveem og guiden Phillippe på marknaden.

Studietur til McDonald's

I fjor inviterte Hordaland Bondelag McDonald's tilsette på gardsbesøk, som eit ledd i McDonald's si opplæring. Målet er at dei tilsette skal lære meir om norske råvarer og matproduksjon. I haust vart Hordaland Bondelag invitert til å sjå korleis råvarene vert handsama på restauranten. To tillitsvalde og to tilsette fekk omvisning på McDonald's i Rådalen. Det vart informert om rutinar, hygiene og levering av råvarer, og på restaurantkjøkkenet fekk bøndene lage egne burgarar og lære om dei ulike produkta.



Sverre Villanger, McDonald's, med "studentar" frå bondelaget. Foto: McDonald's

Skattekurs

Norges Bondelag arrangerar årleg skattekurs for rekneskapskontor som har samarbeidsavtale med bondelaget. Kurset går over heile landet, og i Hordaland var det i år lagt til Lofthus. Programmet gir nyttig oppdatering på sentrale skatterettslege og rekneskapsfaglege område. I samband med kurset arrangerar Norges Bondelag og Økonomiforbundet ein temadag. Temaet i Hordaland i år var "MVA – muligheter og fallgruver". I år var også Tveit Regnskap med, i tillegg til eit nytt rekneskapskontor; NumBit frå Bergen. Det var 54 deltakarar på skattekurset og 16 på temadagen.

Bygdefolkets Studieforbund (BSF)

BSF Hordaland vart lagt ned som avdeling i 2008. Hordaland Bondelag har etter dette vore regionkontakt for BSF, med å styrkje utvikling, aktivitet og opplevingar innan landbrukskompetanse som oppgåver. I 2011 gjennomførte BSF samanslåing med studieforbundet Populus, og Studieforbundet næring og samfunn vart danna. Samanslåinga gjeld frå 1.1 2012.

Unge Bønder-kurs

Hordaland Bondelag heldt kurs for nye og unge bønder i samband med Agro Hordaland, 28. og 29.10. Kurset på Clarion Hotel, samla 31 deltakarar, derav 16 kvinner og 15 menn.

Programmet på dag 1, bestod i hovudsak av fleire, korte faginnlegg om ”Kvardagen til nye brukarar” og ”Det viktigaste er inntekta til bonden”.

I tillegg kom to fellesbolkar med Leiarmøtet til Hordaland Bondelag:

- ”Kva bestemmer prisen på det ein leverar”, ved Sveinung Svebestad.
- ”Kva skal eg gidde å bry meg om”, inspirasjonskåseri ved Ingvard Wilhelmsen.

Elles følgde kurset programmet for Agro Hordaland, med landbrukspolitisk debattmøte, festmiddag og faginnlegg. Tilbakemeldingane frå deltakarane var gode. Teambolken første dag, vart opplevd som litt hektisk, med for lita tid til fordjuping.

Kurset vart finansiert med tilskot frå Norges Bondelag, Hordaland Fylkeskommune, deltakaravgift og eigendel frå fylkesbondelaget. Kurset gav innmeldingar i bondelaget. Fleire av deltakarane ønskjer oppfølging, gjennom næringsretta fagdagar.

Kurs i regi av andre

Kurs i landbrukspolitikk

Styremedlem Arild Nydegger Øvre-Eide deltok på kurset ”Landbrukspolitikk på høyere nivå” 7. og 8. februar i Oslo. Kurset vart arrangert av Norsk Landbrukssamvirke, og innhaldt temaer som forhandlingssystemet, målpris og markedsordningar, korn- og kraftfôrpolitikken, WTO og miljø og klima.

Kurs i kommunikasjons- og presentasjonsteknikk

I november deltok 5 tillitsvalde på kurs i kommunikasjons- og presentasjonsteknikk. Kurset var del av bondelaget og samvirket si felles tillitsvaldopplæring, der også representantar frå samvirket deltok.

Kvar deltakar fekk i oppgåve å førebu eit innlegg med utgangspunkt i ei sak dei brenn for. Deltakarane frå bondelaget valgte høgaktuelle og konkrete saker, som rettleiingstenesta i landbruket, rekruttering til næringa og bonden sine inntektsvilkår.



Frå v: Kjetil Mehl, Olav H. Bringedal, Roar Angelskår, Frøydis Haugen og Rannveig Hjelmeland.

Andre kurs: Tilsette har vore på kurs i samvirkeorganisering og skrivekurs for nett.

PROSJEKT OG UTVAL

Landbrukstunet Kompetanse (LTK)

Den 28.06 2011 registrerte Hordaland Bondelag Landbrukstunet Kompetanse som nytt føretak i Brønnøysundregistra. Føretaket er organiserte som forening, og det er utarbeidd vedtekter for drifta. Styret i Hordaland Bondelag utgjer årsmøtet, og leiaren i fylkeslaget er styreleiar. Tore Henrik Øye vart tilsett som dagleg leiar frå og med 1. september 2011.

Bakgrunnen for etableringa, er ønsket om å styrkje arbeidet med kompetanseutvikling og rekruttering til landbruket i Hordaland. Målet er at LTK skal ta del i næringa sitt samla arbeid på feltet, og medverke til aktivitet, møteplassar og utviklingsarbeid. I dette høve står god kontakt og godt samarbeid med andre organisasjonar, sentralt

Organisasjonsbygging er ei prioritert oppgåve. Godt samarbeid og tovegskontakt med lokale bondelag, er i dette høve viktig. Intensjonen er å vere ein aktiv støttespelar i arbeidet lokalt, både gjennom tilrettelegging og direkte oppfølging.

Arbeidet den første tida har konsentrert seg om å følge opp gjeremål gjennom "Framtidsbonden i Hordaland". Denne prosjektsatsinga i regi av Hordaland Bondelag, prioriterar ulike former for rekrutterings- og kompetansetiltak. I dette høve er det teke kontakt med skuleverket om grunnlaget for å inkludere landbruket i undervisnings- og opplærings-samanheng, i tråd med gjeldande læringsplanane. Vona er at det kjem i stand konkrete opplegg i 2012, med involvering av lokale bondelag.



Det er oppretta god kontakt med Senter for Yrkesretteiing i Hordaland Fylkeskommune.

Elles er det gjennomført ulike former for kurs og møte i samarbeid med lokallaga, og fleire er under planlegging. Det første årsmøtet i LTK vert halde 20. februar 2012.

Prosjekt om småskala kraftverk

Norges Bondelag si satsing "Småkraft som næringsveg" vart avslutta i 2011. Arbeidet skal vidareførast i det nye prosjektet "Formybar elproduksjon i landbruket", som omfattar både småkraft- og vindkraftinformasjon. Terje Engvik leiar også dette prosjektet. Han er knytt til næringspolitisk avdeling, med kontorstad i Førde.

Informasjonsarbeidet er gratis og dekker alle sider ved småkraftutbygging. Prosjektarbeidet har fokus på lokal verdiskaping og tilleggsinntekter i landbruket. Viktige hovudtema er fallrettar, grunneigarsamarbeid og val av utbyggingsmodellar.

Landbrukets HMS teneste, fylkesgruppa

Landbrukets bedriftshelseteneste (LHMS) har som mål å redusere talet på ulykker og yrkeslidningar i landbruket. Fylkesgruppa i Hordaland består av regionansvarleg, HMS rådgjevar, representantar frå fagлага og nokre engasjerte bønder. Tenesta si oppgåve er å ha fokus på HMS-arbeidet i fylket, og vere ein pådrivar for at det vert arrangert praktiske HMS-kurs. Turid Bjørndal Njåstad er bondelaget sin representant i gruppa.

Storfeprosjektet i Hordaland, 2009-2012

Prosjektet er eit samarbeid finansiert av Fylkesmannen, TINE, Innovasjon Norge og Felleskjøpet Agri. Hovudaktiviteten er informasjon og rettleiing til dei som vurderar nybygg /påbygg/ samdrift, utviding eller omlegging av drifta. Lars Istad sit i styringsgruppa for Hordaland Bondelag.

Satsing på auka mjølkeproduksjon i Hordaland

Hordaland Bondelag, Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Tine og Innovasjon Norge har prosjektsamarbeid for å stoppe nedgangen i mjølkeproduksjonen - og å redusere avskalinga i næringa. Det vil vere viktig å leggje til rette for eit investeringsløft, der bedriftsretta midlar vert gjort tilgjengeleg for fleire mjølkebønder i fylket. Prosjektgruppa vil ta vare på den kompetansen som er i miljøet i dag, samt medverke til at unge vågar å satse på mjølkeproduksjon, anten aleine eller i samarbeid med andre. Politikarar er kontakta om tema, og det vart sendt brev til Mat- og landbruksdepartementet under jordbruksforhandlingane i 2011.

Ny bruk av ledige landbruksbygg

Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland har prosjektleiinga for eitt av tre landsdekkjande prosjekt som omhandlar bruk av gamle landbruksbygg. Prosjektet skal inspirere eigarar til å vedlikehalde bygg som ikkje lenger inngår i drifta, som grunnlag for ny næring og aktivitet i bygda. Prosjektet er leia av landbruksdirektør Ole Bakkebø, og Hordaland Bondelag er representert i styringsgruppa ved Guttorm Rogdaberg.



Frå eit infomøte.

Beiteutvalet

Frå 2010 vart investeringsstøtta i organisert beitebruk tilbakeført til Fylkesmannen, og eit nytt beiteutval med representasjon frå Sau og Geit, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag og Fylkesmannen si landbruksavdeling (FMLA) vart etablert. Turid Bjørndal Njåstad er bondelaget sin representant i utvalet. Prosjektet inneheld fleire ulike undersøkingar:

Kartlegging av beitelaga sine tap av sau og fjørebyggande arbeid, utprøving av radiobjøller i beitelag og oppfølging av buskapar med høge tap.



Jarle Helland (t.v) frå Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, leiar Beiteutvalet

Føregangsfylke for dyrking av økologisk frukt og bær

Det nasjonale målet om 15% produksjon og omsetnad av økologisk frukt og bær innan 2020, førte til at dei to tradisjonelle frukt- og bærfylka, Sogn og Fjordane og Hordaland, vart føregangsfylke for satsinga i 2010. Prosjektet skal spreie erfaringar og informasjon om produksjon og omsetnad av økologisk frukt og bær, i heile landet. Frøydís Lindén er prosjektleiar, og Clara Hveem sit i styringsgruppa.




Det har vore gjennomført fruktkurs for nye øko-dyrkarar og studietur til Sverige og Danmark. I Hordaland har ein teke kontakt med potensielle økoproduentar. Handhaldne, mekaniske tynnarar til plommefelt har vore kjøpt inn og demonstrert. Desse er gratis til utlån. Føregangsfylket er med å støtte eit kompostprosjekt, og har vore samarbeidspartnar i Kvam, Voss og Bergen om innføring av skulefrukt.

Handhalden plommetynnar. Foto J.A Målsnes

Frukt og bær rundt neste sving

Med utgangspunkt i profesjonell frukt- og bærproduksjon, skal programmet utvikle eller vidareutvikle salbare produkt og tenester, særleg knytt til reiselivet. Prioriterte tiltak er å nytte frukt, bær og kulturlandskap som grunnlag for opplevingar, auke tilgjenge av frukt og bær som mat, samt utvikle godt vertskap. Terje Larssen er med i styringsgruppa.

Arbeidet i prosjektet har gått etter dei planar som er lagt. Vestlandsforskning skal evaluere arbeidet vinteren 2012. Styringsgruppa er nøgd med interesse og aktivitet, med unnatak av Ullensvang. Prosjektet vil motivere til fleire søknader, og det vert tildelingsmøte våren og hausten 2012.



Terje Larssen

Strakstiltak, Hardangerfjorden

Ein rapport frå Havforskningsinstituttet, Rådgivende Biologer og Uni Miljø i 2010, kom med forslag til strakstiltak for å redde villfiskbestandane av laks og sjøaure i Hardangerfjorden. Eit nasjonalt pilotprosjekt skal sjå på dei menneskeskapte faktorane som påverkar fisken, og Hordaland Bondelag er representert i ei av prosjektgruppene.

DELTAING OG REPRESENTASJON

Areal- og ressursforvaltning

Kulturlandskapsgruppa

God forvaltning av kulturlandskapet er eit viktig delmål i landbrukspolitikken. I Hordaland har vi ei breitt samansett kulturlandskapsgruppe. Oppgåvene er mellom anna å utarbeide regionalt miljøprogram (RMP), følgje opp løyvingane i tilskotsordninga, diskutere faglege utfordringar og dele ut den årlege kulturlandskapsprisen. I gjeldande periode har det vore auka kopling mot Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL), dvs. biologisk mangfald, kulturminne og friluftsliv. RMP vert nytta til skjøtsel, medan SMIL vert nytta til restaurering. Noverande programperiode går ut 2012. Medlemmane i gruppa representerer Fylkesmannen, Hordaland Fylkeskommune, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, UiB, kommunane og Norsk Landbruksrådgiving Hordaland.

Seminar om jordvern

Maria Makloufi Skjold deltok på eit seminar om areal- og transportplanlegging i regi av Norges Bondelag. Tre statssekretærar var til stades, og det vart ein god dialog, der både tillitsvalde og tilsette fekk legge fram aktuelle problem. I Hordaland Bondelag arbeider vi stadig meir med arealplanlegging og jordvern, og seminaret var difor lærerikt og opplyssande.

Vassdirektivet

EU har eit vassdirektiv som gjer at Noreg må lage forvaltningsplanar og tiltaksplanar for alt vatn. I vassregion Hordaland har vi 5 vassområde, og bondelaget arbeider for å få lokale representantar med i arbeidsgrupper til alle vassområda. Lars Peter Taule sit i referansegruppa for vassregion Hordaland, og Maria M. Skjold er med i fagteam vannforvaltning i Norges Bondelag.

Vilt

Fylkeslaget gjennomførte høyring hos lokallaga om framlegget til nye føreskrifter om jakttider. Fråsegn vart sendt til Norges Bondelag med bakgrunn i uttalane frå lokallaga (hovudfokus på hjort og grågås). Fylkeslaget har også sett på framlegga til nye føreskrifter om "Forvaltning av hjortevilt og bever" og "Utøvelse av jakt og fangst". Frå og med jaksesonen 2012, vil der liggje føre tre nye føreskrifter om forvaltning og jakt!

Hordaland Bondelag støtta eit hjortevald sin klage på avslag om godkjenning av bestandsplan, med justert avskytingsopplegg. Fylkesmannen var klageinstans, og klagen vart teke til følgje. Tore H. Øye deltok på infomøte på Voss om merke- og utviklings prosjektet "Hordahjort", saman med lokale bondelagsmedlemmar.



Ivrege tilhøyrarar: Ole J. Rio og Lars Istad frå Voss Bondelag

Fisk

Sjur Tarjei Fykse var Hordaland Bondelag sin representant på Hardangerfjordseminaret 2011, 6. og 7. mai, på Hardangerfjord Hotell i Øystese. Hordaland Bondelag deltek i nasjonalt pilotprosjekt for strakstiltak i Hardangerfjorden. Føremålet er å gjennomføre kompenserte tiltak for berekraftig havbruk – og å styrkje bestandane av villfisk i elvane til fjordbasseng. Fylkeslaget er med i arbeidsgruppa ”Vassdrag”.

Hordaland Bondelag medverka til oppslag i pH-status, nr 2 – 2011, om Ekso Villfisk si satsing på fisketurisme i Eksingedalsvassdraget (brunaure).



Rune Nesheim og Bjarne Lavik, eldsjelene i Ekso Villfisk

Mat

Studentersamfunnet i Bergen arrangerte temaveke om mat, der mellom anna organisasjonssjef i Hordaland Bondelag heldt innlegg. Turid B. Njåstad deltok på Matkulturfestivalen i Eidfjord, og Lars Peter Taule var med på frokostseminaret ”Dyrking i framtidsby”.

Frukt og grønt

Terje Larssen deltok på Gartnerseminaret, som hadde fokus på både langsiktig berekraft og meir kortsiktige oppgåver. Han deltok også på Bioforsk sitt møte om rognebærmøll, samt eit møte om satsing på pærer. Norsk pæredyrking har vore i nedgang lenge, men no er det tre pæresortar som kan gje ein opptur: *Ingeborg*, *Clara friisj* og *Celina*. Det vert no lagt ned eit godt arbeid, slik at norske fruktdyrkarar kan bli med på utviklinga.

Landbruks- og næringspolitikk

Tillitsvalde og tilsette i Hordaland Bondelag har helde innlegg for fleire fylkesparti; Høyre, Senterpartiet og Venstre. Lillian Hovstad var på årsmøte til Hordaland Senterparti, og Clara Hveem deltok på eit valkampmøte på Voss i regi av Hordaland Sp og Voss Sp. Hordaland Bondelag har også hatt innlegg på fleire møte i regi av Bergen kommune, der mellom anna landbruksplanen i kommunen har vore tema.

Lars Peter Taule og Clara Hveem hadde ein times fagleg innlegg om vestlandslandbruket på KrF sitt rådsmøte i november. Hordaland Bondelag var òg representert på landbrukspolitisk debatt på Voss og næringskonferanse for Nordhordland, der Roar Angelskår møtte. På landbrukskonferansen på Stord i februar, sto arealforvaltning, klimaspørsmål, nye satsingsfelt og entreprenørskap på agendaen. Lars Sponheim og Clara Hveem var blant innleiarane, og dei vektla høvesvis landbruket i eit globalt perspektiv og utfordringar med å drive ein vestlandsgard.

Andre møte og arrangement:

Møte/arrangement	Deltok frå Hordaland Bondelag
Temakonferansen Lillestrøm	Turid B. Njåstad
Representantskapsmøte Norges B.	Clara Hveem, Lars Peter Taule
Inn på tunet konferanse Bergen og Sveio	Arild N. Øvre-Eide og Lillian Hovstad
LivOgLyst-konferanse i Bergen	Maria Makloufi Skjold
Kommunekonferansen	Marta B. Meland, Turid B. Njåstad, Clara Hveem, Lars Peter Taule
Bioforskonferansen	Marta Bjørgum Meland
Klimamøte i regi av Riksantikvaren og møte om klimastrategi Hordaland	Lars Peter Taule
Framlegging av rapport: Utbyggingsbruk i Hordaland	Geir Totland
Bioenergiseminar	Tore Henrik Øye
Årsmøte i 4H Hordaland	Bjørne Røthe
Årsmøte i Norsvin Hordaland	Clara Hveem
Årsmøte i Hordaland Sau- og Geit	Turid B. Njåstad
Årsmøte i Hordaland Bygdekvinnelag	Turid B. Njåstad, Lillian Hovstad, Inger-Marie Vika

HØYRINGAR OG UTTALAR

Hordaland Bondelag har gjeve uttalar i mange saker om arealbruk, ressursforvaltning og landbrukspolitikk, ofte i samarbeid med lokallaga.

Høyringar om fylkes- og kommunesaker:

- Kommunedelplan for sentrumsutvikling i Etne.
- Kommuneplanens arealdel, Lindås.
- Kommuneplan for Sveio.
- Revidert kommuneplan Stord.
- Høyring av planprogram, forvaltningsplan for vassregion Hordaland.
- Forslag til strategi for planlegging og bruk av Bergens kyst og sjøområder til småbåthavner, båtutfart og friluftsliv på sjøen.

Høyringar til Norges Bondelag:

- Fornyingsutvalet.
- Ny forskrift om kvoteordninga for mjølk.
- Revidering av forskrift om gjødselvarer – husdyrgjødsel.
- Endring av Norges Bondelags organisasjonsstruktur.
- Fråsegn til ny forskrift om jakt- og fangsttider, 2012 – 2015.
- Ny kommunikasjonsstrategi for Norges Bondelag.
- Konservusordning for frukt og bær.

UTMERKINGAR

Kulturlandskapsprisen

Kulturlandskapsprisen for Hordaland vart delt ut for 16. gong. Vinnar i år var **Røyrvik Samdrift** i Kvam, med Bård Terje og Hildegunn Røyrvik, Magnar Tveit og Randi Skjernes, og Kjell Egil Berge som innehavarar. (bilete til høgre). Prisen var på kr 50 000,-.



Hordaland Bondelag er med i juryen. Juryen si grunngeving var at samdrifta driv eit framifrå arbeid med å utvikle gardsdrifta, samstundes som ein tek vare på mangfaldet av kulturlandskapstypar, eit heilskapleg gardsmiljø og ålmenta si tilgang. Clara Hveem og Lars Peter Taule var tilstades under utdelinga.

Bygdeutviklingsprisen

Hordaland Bondelag er med i juryen for Bygdeutviklingsprisen. I år gjekk den til Torstein Hatlevik, som er innehavar av **Haaheim Gaard** på Tysnes. Han driv gardsrestaurant med rosehage og interiørforretning, og satsar på egne festivalar for sjokolade, kammarmusikk, tradisjonsmat, opera og roser. Garden har blitt eit reisemål for heile Bergensområdet.

Bygdeutviklingsprisen vart delt ut på Agro Hordaland. Alle fylkesvinnarane konkurrerer om den nasjonale BU-prisen, og Haaheim Gaard vann også denne!

Agro Hordaland's heiderspris

Prisen vart delt ut for første gong, og vinnaren vart **Reidar Kallestad**. Juryen si grunngeving var at Kallestad i ei årrekke har vist eit brennande engasjement for å skipe til faglege og sosiale møtestader for næringa i fylket. Han er sterkt engasjert som tillitsvald, og levande oppteken av husdyrproduksjon.

NORGES BONDELAG

GJENSIDIGE

HVA BØR JEG FORSIKRE?
ER JEG GODT NOK DEKKET?
HVA SKAL JEG VELGE AV EGENANDEL?
TRENGER JEG GJELDSFORSIKRING?

Få svar på alle spørsmål du har om forsikring
Gjensidige har samarbeidet med Norges Bondelag i over 50 år.
Hele 7 av 10 bønder er forsikret hos Gjensidige! Vi hjelper deg med å finne løsninger som passer dine behov.

Ta kontakt med Gjensidige på 03100, eller snakk med din forsikringsrådgiver.

Gjennom medlemskapet i Bondelaget får du betydelige fordeler – samtidig som du blir medeier i Gjensidige.

SAMARBEIDSORGANISASJONAR

Hordaland Bygdeungdomslag

Hordaland Bygdeungdomslag hadde i fjor årsmøtet sitt i Kvam, i samband med 10 års jubileet til lokallaget. Kvam BU feira 10 år sidan restart, og det vart ein minneverdig kveld med lokallaget i fokus!

Årsmøtet og landsstevnet i NBU fann stad på Jæren i Rogaland. Om lag 40 hordalendingar tok turen sørover til dei vindfulle jærstrendene, og fekk oppleva eit flott landsstevne med tevlingar, konsertar, tur på Preikestolen, gardsvitjing og surfekurs for å nemna noko.

På seinsommaren var det friluft og uteaktivitetar som stod i fokus. Ein god gjeng fekk ein flott søndag i Ulvik med bading og båttaktivitetar. Me var også med og laga til toppstur til Galdhøpiggen, ein knallsuksess for dei som deltok!



Årsmøteutsendingar på årsmøte i NBU

Haustkurset for alle i lokallagsstyra vart i år slått saman med Rogaland BU. Resultatet vart svært godt oppmøte frå Hordaland, mange nye kontaktar og ikkje minst eit svært godt kurs.

Det årlege haustarrangementet, som i fjor vart halde på Voss, måtte me til Nordmøre for å få med oss. I Surnadal fekk me oppleva godt gjennomførte tevlingar, nordmørsk kultur på sitt beste og bankett med bacalao til hovudrett. Ei minneverdig helg!

I Februar laga HBU til ei skihelg i Hemsedal, med godt oppmøte frå både Voss og Kvam. Etter nok ei flott helg i godt samvær er det ikkje tvil om at samarbeidet mellom dei to store lokallaga våre er svært godt. Verre er det dessverre med dei små lokallaga i Sveio og Kvinnherad. Den store tidsklemma og mangel på folk er nok faktorar som bidreg til at me ikkje heilt klarar å dra i gang den aktiviteten me kunne ynskt oss i desse lokallaga. Men me vil understreka at dersom det er folk og vilje til å starta opp eit bygdeungdomslag andre stadar i fylket vil me i HBU meir enn gjerne hjelpa til med både oppstart og motivasjon vidare! Dersom det er bondelag som ynskjer å få i gang aktivitet for den yngre garde kan me gjerne få til eit samarbeid? Ta kontakt!

Beste helsing Hordaland Bygdeungdomslag – for og av ungdom på bygda!

Hordaland Bygdekvinnelag 75 år!

HBK hadde eit godt arbeidsår i 2011. Styret har vore stabilt med kun ein ny styremedlem. Me har vore heldige å få ha styremøta våre på Stend på bondelagskontoret, og er takknemlige for det. Liv Spilde har møtt fast i styret til Hordaland Bondelag. Ho har òg vore med i organisasjonsutvalet i NBK.

Me har arrangert regionmøte i februar på Voss. Der hadde me besøk av Renate Lunde frå **Vossabia**, som fortalde om bedrifta si. I november var heile styret til Skare på regionmøte i region Folgefonn. Der var det god underhaldning og mat av lokale krefter.

Fire frå fylkesstyret og tre frå lokallaga var på Inspirasjonsseminar i Kristiansand i september i regi av NBK. Dette seminaret har økonomisk støtte frå prosjektet **”Bygdekvinnelaget opnar bygda”**. Liv Signe Navarsete ”gav” NBK 2 millionar kroner til prosjektet på vegne av Kommunal – og Regionaldepartementet då ho vitja årsmøte til NBK i Balestrand i 2010. Me vart så inspirerte at me har brukt hausten til å jobba med vår eigen inspirasjonsdag for lokallaga i fylket med same tema.

På årsmøtet vårt på Vossestrand feira me 75 års jubileum. I den samanheng profilerte me oss med eit handlenett til utsendingane med namnet og alder på laget vårt. Me laga òg t-skjorter med NBK logo på. På baksida hadde me slagordet : **Bygdekvinner er meir enn tilsørte bondepiker**. Både leiaren i NBK og leiaren i NB var på jubileet vårt. Me sette stor pris på det. Som årsmøtetalar brukte me vår eine mannlige medlem i fylket : Helge Søfteland frå Naturens verden i NRK P1.

Me utforma òg ein bodskap frå HBK til bodstikka til Norges Bondelag som lydde soleis:” **Me vil ha rein norsk mat, produsert i Noreg. Levande og aktive bygder er naudsynt for å få dette til.”**

Lokallaga er ein aktiv medspelar for bondelaget og andre lag på ulike messer og bygdedagar rundt om i fylket vårt. Det vil nok merkast i mange bygder, viss bygdekvinnelaget legg ned.

Eg trur dette er eit samarbeid me har gjensidig nytte av. Håpar me kan fortsetja med dette, og me skal gjera vårt beste for å visa at slagordet bak på t-skjortene våre stemmer.



Økonomiske og juridiske tenester

Norges Bondelag samarbeider med både rekneskapskontor og advokatkontor. Gjennom dette samarbeidet får bondelaget sine medlemmer tilgang til kvalitetssikra tenester som rekneskapsføring, økonomisk- og juridisk rådgjeving.

Rekneskapskontora

I Hordaland er det 17 rekneskapskontor som har samarbeidsavtale med Norges Bondelag. Dei får mellom anna fagleg oppdatering gjennom årlege kurs.

Økonor Nordhordland	ISDALSTØ	56 35 55 80
Bjørn Inge Sætre ANS	UGGDAL	53 43 20 36
Fana Sparebank Regnskap AS	BERGEN	55 91 98 00
Fusa Rekneskapskontor AS	FUSA	56 58 00 80
Halsnøy Rekneskapskontor AS	SÆBØVIK	53 47 41 00
Hardanger Rekneskap	ØYSTESE	56 55 34 40
Hardanger Økonomiservice AS	EIDFJORD	53 66 44 00
J. Bleie aut. regnskapsfører	NÅ	53 64 30 17
Real Økonomi AS	ISDALSTØ	56 35 19 75
NumBit AS	ÅSANE	99 27 63 77
Kontor- & Økonomiservice	LONEVÅG	56 39 04 90
ReNett AS	PARADIS	55 92 41 73
Ullensvang Rekneskap ANS	LOFTHUS	53 66 11 28
Ullensvang Rekneskapslag	UTNE	59 66 69 53
Ulvik Rekneskapslag	ULVIK	56 52 64 80
Vekstra Voss	VOSS	56 52 07 70
Vossestrand Rekneskapskontor BA	VOSSESTRAND	56 53 00 40
Tveit Regnskap	HORDALAND/ROGALAND	52 76 71 00

Advokatkontora

I Hordaland er det tre advokatkontor som har samarbeidsavtale med Norges Bondelag. Dei har spesiell kompetanse på landbruks-, eigeidoms- og skatterett i tillegg til vanlege juridiske spørsmål. Avtala omfattar ikkje rabatt på honorar.

Advokatfirmaet Judicium	55 21 01 50	Bergen
Advokatane Øyvind Kvåle og Gunnar Skeie	56 55 12 77	Norheimsund
Advokatfirmaet Harris	55 30 27 00	Bergen og Norheimsund

Medlemmer kan også kontakte Rekneskap og Juridisk avdeling i Norges Bondelag for å diskutere økonomiske eller juridiske problemstillingar.

ADVOKATFIRMAET
HARRIS
www.harris.no

**ADVOKATANE
KVÅLE OG SKEIE ANS**
M.N.A.
Sandvenvegen 43, 5600 Norheimsund
Tlf. 56 55 12 77-Faks 56 55 19 63
E-mail: post@kvale-skeie.no - www.kvale-skeie.no

ADVOKATFIRMAET
JUDICIUM DA

Jordskifterett – Odelsrett – Konesjon – Boplikt – Arverett – Familierett

Telefon 55 21 01 50 Telefaks 55 21 01 99
Postboks 764 Sentrum, 5807 Bergen
Besøksadresse: Strandgaten 1

Advokat Ivar Winjum
E-post: winjum@judicium.no

www.judicium.no

Gjensidige

Gjensidige er ein sentral samarbeidspartnar for bondelaget. Vi har nær kontakt med assurandørane på landbruk, og har årleg møte om felles arbeidsplan. Gjensidige deltar på dei fleste store arrangementa til Hordaland Bondelag, som leiarmøte og årsmøte. Alle lokallag har ståande invitasjon om å ta kontakt vedrørande faglege spørsmål og deltaking på lokalt møte eller arrangement.

Norges Bondelag forhandlar frem rabattar på vegne av medlemene. Les meir på www.gjensidige.no under landbruk og organisasjonsmedlem.



GJENSIDIGE

Landkreditt Bank

Norges Bondelag og Landkreditt Bank har ei samarbeidsavtale som gir bondelagsmedlemer gode fordelar. Vekstkonto er ein sparekonto som bare medlemene i Norges Bondelag og Landkreditt kan få. Kontoen har til ein kvar tid bankens beste innskotsrente og vil vere eit av marknadens beste sparetilbod.

Banken tilbyr også gebyrfri nettbank og bankkort, nye lån utan gebyr, leasing, fondsparing og pensjon. Les meir på www.landkredittbank.no/nb.

Vekstkonto
– for deg som er medlem

3,70 %
fra første krone

Som medlem i Norges Bondelag får du vår beste rente fra første krone. Du kan selv åpne en vekstkonto på Landkredittbank.no/vekstkonto eller ring oss så hjelper vi deg.

Landkredittbank.no/vekstkonto | 815 52 245  Landkreditt Bank

Rekneskap for Hordaland Bondelag 2011

Budsjett 2011


	Inntekter	Kostnader	Resultat	Budsjett 2012
1 Generelt	897 342	185 020	748 206	508 000
2 Fylkesleder	270 489	280 139	-9 650	
3 Fylkesstyret		292 357	-292 357	-280 000
4 Andre tillitsvalgte		53 056	-53 056	-30 000
5 Årsmøte HB	107 505	237 524	-130 019	-101 000
6 Leiarmøte HB	46 250	91 316	-45 066	-231 000
7 Agro Hordaland		73 390	-73 390	
8 Regionmøte HB		18 252	-18 252	-20 000
9 Opplæring/kurs	92 630	148 621	-55 991	-29 000
10 Unge Bønderkurs	25 740	71 850	-46 110	
11 Open gard/aktive lokallag		61 425	-61 425	-35 000
12 Framtidsbonden				-70 000
13 Resultat	1 479 956	1 552 951	-37 111	-278 000

Status:	
Eigenkapital pr. 1/1 2011	1 212 283
Årsresultat 2011	-37 111
Eigenkapital pr. 31/12 2011	1 175 172

Frå og med rekneskapsåret 2011 er rekneskapen ført av Norges Bondelag. Styret i Hordaland Bondelag er framleis ansvarleg for å ha ei drift av fylkeslaget innanfor vedteke budsjett.

Det vert ikkje utarbeida eiga revisjonsmelding for Hordaland Bondelag. Rekneskapen er ein del av Norges Bondelag sitt rekneskap og vert revidert der.

Budsjettet som vart vedteke for 2011 hadde ei fordeling frå tidlegare rekneskapsoppsett og er ikkje ført i høve til avdelingar. Budsjettet for 2011 vart vedteke med eit underskot på kr. 107.000.



Når det ser ut som en maskin, høres ut som en maskin og oppfører seg som en maskin...

...er det stor sannsynlighet for at du kan kjøpe den hos oss.

Traktor, kompaktlaster, gressklipper eller mini-graver?

Uansett hva slags maskin du er på jakt etter, er det gode muligheter for at du kan finne den hos oss.

Vi har også redskaper som sandspredere, snøfresere, feiemaskiner, tilhengere, krockløftvogner og flisvuggere, i tillegg til såfrø, gjødsel, kalk, torv, bark og drenerør.

Vårt mål er å ha et bredt utvalg maskiner, redskap og tilbehør til bruk for veg, anlegg, park og industriformål.

Vi har 90 butikker over hele landet, så stikk innom så kan vi diskutere nettopp ditt behov.

Tlf. : 03520
www.felleskjopet.no



Felleskjøpet